



## DEN NORSKE KYRKJA Bjordal og Ortnevik sokneråd

### Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 29.03.22 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland, Åge Østerbo, Alf Magnar Svartemyr og sekretær Ann Iren Østerbo.  
Ingunn Østerbo og Joar Oppedal på telefon.

Fråverande: Kenneth Førde og vara Jon Nesheim

Innkallinga vart godkjent.

#### Meldingssaker :

- 06/22 Info frå fellesrådet v/ Sissel – Fellesrådet fekk i 2021 eit underskot på ca 170.000,-. Det meste kan dekkast frå avsett fond. Kyrkjelydspedagogstillinga er utlyst med søknadsfrist 1. mai. Bjørnar Otterstein sluttar til nyttår. Utlysingsstekst for kyrkjevevje er under arbeid. Høyanger Fellesråd har takka nei til leigeavtale når det gjeld bedehuset i Høyanger.
- 07/22 Klokkeringing for Ukraina 13. mars i 7. min. vart gjennomført i begge kyrkjene.
- 08/22 Camilla M. Ådland tek hovudansvar for familiesamlinga i Ortnevik 7. mai.
- 09/22 Det blir avskjedsgudsteneste i Lavik for Toril Lange 1. mai.

#### Sakliste

##### **Sak 14/22 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 25. januar og årsmøte 27. februar.**

**Vedtak:** Møteprotokoll frå 25. januar og årsmøte 27. februar vart godkjent.

##### **Sak 15/22 Disse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :**

- Gudsteneste i Bjordal 30. jan. v / Audun Systad – 9 personar. Mari- Ann, Sissel, Norvald og Ann I. rydda etter gudstenesta i dei to sakristia.
- T - dag på Sørebo 8. februar for 2.- 6. klasse – 4 barn + Camilla, Mari- Ann, Sissel og Ann I. Tema: skaparverket. Såg film, song, teikna og måla.
- Gudsteneste og årsmøte i Bjordal kyrkje 27. feb. – 20 på gudstenesta og 15 på årsmøtet. Kyrkjekaffi og årsmøtesaker.
- Hyggestund på Bygdetunet 2. mars måtte avlysast på grunn av korona blant personalet. Sissel tek kontakt etter påske – same program kan brukast.
- T- dag på Sørebo 22. mars for 2.- 6. kl. – 4 barn + Camilla, Mari –Ann, Sissel og Ann I. Tema: Påske - film, formingsaktivitet og song.
- Gudsteneste i Bjordal 27. mars – 11 personar. Sølvi Gunn var kyrkjevært.
- God helg v/Geir Sørebo på nett.

##### **Sak 16/22 Gudstenester/ halvårsplan for vår/ sommar.**

3. april kl. 16.00 – Samtalegudsteneste i Ortnevik v/Karl, Toril og konfirmantane. Sissel er kyrkjevært, Ann Iren tek ansvar for blomster på alteret.

14. april kl.18.00 i Ortnevik – Påskedramaet frå palmesøndag til påskedag. Tekstar, song og musikk v/ Anders Brekke, Sissel Sørebo m.fl.

17. april kl. 16.00 – Påskedagsgudsteneste i Bjordal v/Karl

17. mai - Bjordal kl. 11.00 og Ortnevik kl. 13.00 v/ Karl. Karl tek kontakt med Bjørnar angående organist.

22. mai – Bjordal kl. 11.00 og Ortnevik kl. 13.00 – konfirmasjon v/Karl og Toril. Kan Solveig spele i Bjordal?

Anna frå Ortnevik vel kanskje å bli konfirmert i Bjordal saman med dei andre. Sissel tek ansvar for helsingar/ blomster til konfirmantane, og deler desse ut i Bjordal. Joar deler evt. ut i Ortnevik.

6. juni- 2. pinsedag kl. 12.00 – friluftsgudsteneste på Sørebø v/Karl.

Det blir kyrkjekaffi. Åge tek ansvar for grill og fyring. Natursti og leikar kjem vi tilbake til på neste møte.

19. juni kl. 11.00 – 40-årsjubileum på Alværa kyrkje- og misjonssenter - flott om fleire blir med.

26. juni kl. 18.00 – Kveldssong/ kveldsgudst. i Bjordal kyrkje v/Karl

29. juli – Olsokgudsteneste på Sande kl. 18.00 v/ Audun Systad.

Det ville vere fint om Audun Systad som har jobba mykje med steinkrossane i Hyllestad kunne ha gudstenesta.

I tillegg hadde Karl laga forslag til gudstenesteliste for Lavik, Sørsida og andre friluftsgudstenester vidare.

Sørsida :

21. aug.	kl. 11	konfirmantpresentasjon i Bjordal
25. sept.	kl. 12	hausttakkefest på Massnes
23. okt.	kl. 11	gudsteneste i Bjordal
6. nov.	kl. 11	helgemesse Bjordal
4. des.	kl. 18	lysmesse Bjordal
11. des	kl. 16	julekonsert Ortnevik
24. des	kl. 14	gudst. Ortnevik
24. des	kl. 16	gudst. Bjordal

I tillegg vart Losnaspelet 10. juli spesielt framheva, dersom det let seg gjere med ein organisert kyrkjelydstur er det eit flott tiltak. Alf M. og Åge undersøker saka.

#### **Sak 17/22 Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 5. april**

**Vedtak:** Sissel har laga klar bøssene og rutforslaget. Bøssene blir levert konfirmantane etter samtalegudstenesta 3. april. Ingunn tek område frå Ikjefjord til Leirnes, Sissel sender bøssa med Kristin eller Bård på Østerbø Maskin. Bøssene blir levert Liv - Gunnbjørg helst før kl. 20.00 same dag. Anna i Ortnevik leverer si bøsse til Ann Iren. Liv- G. og Ann I. tel opp pengane onsdagen.

#### **Sak 18/22 Konsert med Kyrkjebø skule og ungdomskorps 23. april i Bjordal og Ortnevik kyrkje.**

**Vedtak:** Soknerådet er positive til at begge kyrkjene blir nytta til konsert med korps frå Kyrkjebø. Soknerådet vil ikkje ta leige. Kyrkjetenarane må hugse å sette på varme.

#### **Sak 19/22 Dugnad ved Bjordal kyrkje 26. april kl. 17.00**

**Vedtak:** Sissel set opp plakat. Åge tek ansvar i dugnaden. Ingunn har ensileringsyre som kan nyttast som sprøytemiddel i grusgangane som Norvald og Sissel kan bruke på førehand. Dei vil også klyppe ned ei klatreplante.

#### **Sak 20/22 Møteplan vidare.**

**Vedtak:** Neste møte blir tysdag 24. mai kl. 17 -19 i Gamlebanken.

#### **Eventuelt**

#### **Sak 21/22 Utlysingstekst soknepreststilling i Lavik og Bjordal/Ortnevik**

Prosten har sendt forslag til utlysningstekst for ny soknepreststilling. Soknerådet drøfta tekst og hadde ynskje om meir informasjon om bygdelaga og om dei to kyrkjelydane.

**Vedtak:** Leiaren sender soknerådet sitt forslag til ny utlysingstekst til prosten.

Sissel bad ei bøn for Ukraina og verda til avslutning.

Sissel Sørebo  
leiar

Ann Iren Østerbø  
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor  
Høyanger kyrkjekontor